

Møteprotokoll

Utval: Ungdomsråd
Møtestad: Biblioteket Skakke
Dato: 23.03.2026
Tid: Kl. 15:00 - 17:00

Følgande medlemmer møtte Parti

Alfred Natterøy-Sævareid
Anna Garvik Arefjord
Bastian Lunde Sørheim
Kevin Ribesen
Lilly Åsheim Karlsen
Sigrid Sørheim Hornenes
Simen Mortvedt Karstensen
Sivert Elias Stålesen
Synne Halleland
Tea Håland

Andre som møtte Stilling

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim

Informasjon:

Tidlegare sak om fritidskassa: Gjennomslag for endring av aldersgrense

Leiar informerte om deltaking i FFU (fylkesting for ungdom). Kevin og Tea møtte. Svært interessant , mange saker. Tea vart vald inn som 5. vara.

Leiar informerte om korleis pengane ungdomsrådet disponerte for 2025 vart nytta. Tilbod om gratis kino med popcorn og brus. Positive tilbakemeldingar

Møteleiar: Kevin Ribesen

Merknader til innkallinga: Ingen

Merknader til sakslista: Ingen

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Simen Mortvedt Karstensen og Sivert Elias Stålesen.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
005/26	Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2026-205 2. gongs handsaming
006/26	Vurdering av vikarpool i oppvekst
007/26	1. gongs handsaming av kommuneplanen sin samfunnsdel for Etne kommune 2026-2036

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar at Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for 2026-2035 blir vedtatt slike den ligg føre.

23.03.2026 Ungdomsråd

Behandling

UNG - 005/26 Vedtak

Uttale frå Ungdomsrådet:

Samrøystes

Ungdomsrådet stiller seg positive til at ein legg opp til uorganisert aktivitet og seier seg elles samd med kommunedirektøren sin konklusjon.

006/26 Vurdering av vikarpool i oppvekst

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Etne kommunestyre gjer følgjande vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å ikkje etablera ei sentral eller sektordelt vikarpool.
2. Kommunestyret ber i staden kommunedirektøren styrkja grunnbemanninga gjennom etablering av faste, lokale ressursstillingar i skulen slik det har vore i barnehage.
3. Ordninga skal finansierast innanfor eksisterande rammer for vikarbruk. Budsjettering skjer etter aktivitetsbasert modell justert med fagleg skjønn.
4. Ordninga startar frå hausten 2026.
5. Det skal leggjast fram ei evaluering etter 12 månader (haust 2027) med status på kontinuitet, kvalitet, sjukefråvær, overtid/ekstraarbeid og økonomi, og eventuelle justeringar i dimensjonering.

23.03.2026 Ungdomsråd

Behandling

UNG - 006/26 Vedtak

Uttale frå Ungdomsrådet:

Samrøystes

Ungdomsrådet meiner det er tryggare og meir forutsigbart med lokalt tilsette i motsetning til oppretting av vikarpool. Ungdomsrådet seier seg elles samd i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtar å leggje ny samfunnsdel for Etne kommune ut på høyring og offentleg ettersyn i minimum 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

Administrasjonen får fullmakt til å gjera mindre, uprinsipielle justeringar ved behov.

23.03.2026 Ungdomsråd

Behandling

UNG - 007/26 Vedtak

Uttale frå Ungdomsrådet:

Samrøystes

Ungdomsrådet seier seg samd i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.